

Arkivnr: 2014/12700-2

Saksbehandlar: Torill Monstad

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		20.05.2014

Samarbeid med CONNECT Vest-Norge, 2014 - 2017. Ny versjon.

Samandrag

I sak 54/14, FUV 20.02.2014 «Gjennomgang og vidareføring av samarbeidsavtalar med regionale næringsretta utviklingsaktørar», vart det gjort ein gjennomgang og vurdering av dei organisasjonane som får økonomisk støtte til regional næringsutvikling i Hordaland. I saka sa fylkesrådmannen at han ville sjå nærare på moglegheitane for ei meir målretta samarbeid med CONNECT Vest med sikte på å oppfylle særskilte mål og innsatsområde i næringsplanen og handlingsprogrammet. Saka om Connect Vest-Norge, sak 92/2014, vart lagt fram for fylkesutvalet på møte 23/24. april, der vedtaket vart at politikarane ynskte meir detaljert informasjon om CONNECT Vest sitt arbeid. I denne versjonen av saka vert CONNECT Vest sin aktivitet og planar i større detalj synleggjort, og vert sett i samanheng med både mål og strategiar og prioriteringar i Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017 og Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland for 2014 (HNH).

Forslag til vedtak

1.	CONNECT Vest-Norge får ei tilsegn på inntil kr 540.000 som støtte til sitt arbeid kvart år i perioden Regional næringsplan for Hordaland 2014 – 2017 gjeld.
2.	Tilsegna er kvart år basert på søknad der aktivitetar og planar vert skissert, samt ei årleg ordinær rapportering.
3.	Hordaland fylkeskommune vil utabeide ein partnerskapsavtale med CONNECT Vest-Norge for den aktuelle tidsperioden.

Johnny Stiansen
fung. fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 06.05.2014

Bakgrunn

Viser til sak 54/14, FUV 20.02.2014 «Gjennomgang og vidareføring av samarbeidsavtalar med regionale næringsretta utviklingsaktørar». Der vart det gjort ein gjennomgang og vurdering av dei organisasjonane som får økonomisk støtte til regional næringsutvikling i Hordaland. I 2013 fekk CONNECT Vest (CV) fylkeskommunal støtte på kr 800.000 til sine ulike aktivitetar over RUP-budsjettet. Totalt har CONNECT Vest blitt støtta i meir enn fem år over RUP-budsjettet. Dei nasjonale retningslinene og våre eigne retningsliner har avgrensingar for kor lenge vi kan støtte ein aktør over HNH budsjettet, noko som kan ha betydning for vår støtte til CONNECT Vest. I saka sa fylkesrådmannen at han ville sjå nærare på moglegheitane for eit meir målretta samarbeid med Connect Vest med sikte på å oppfylle særskilte mål og innsatsområde i næringsplanen og handlingsprogrammet. Dette er grunnen for at denne saka vert lagt fram for fylkesutvalget. Saka er etter den var oppe i fylkesutvalet i sak 92/2014 23/24. april, no justert i høve til bestillinga om tilleggsopplysningar om ei meir detaljert skildring av CONNECT Vest sine oppgåver og kundar.

Organisasjonen CONNECT Vest

CONNECT Vest-Norge (CV) er ei non-profit sjølvstendig medlemsforeining som kostnadsfritt hjelper gründerar og vekstselskap ved å kopla dei mot kompetanse, nettverk og kapital. Målet er ei raskare utvikling av vekstbedrifter, for dermed å skape fleire levedyktige bedrifter og arbeidsplassar. Tilgangen til kompetanse, nettverk og kapital vert tilbode gjennom ulike aktivitetar og prosessar. Medlemmar i CV bidrar med kostnadsfri kompetanse til gründerar og vekstselskap gjennom å delta på CONNECT (Pre-) Springbrett®, Investorforum, Partnerforum, BedriftsAkselerator, direkte koplingar mm. Dei nyttar òg sitt medlemsnettverk til å drifte mentorordninga til Innovasjon Norge. På den andre sida gir dette CONNECT medlemmane tilgang på informasjon om nye vekstselskap, ny teknologi, nye løysningar, ny kompetanse, nye kundar, nettverk og investeringsmoglegheiter. Det er 5 regionale CONNECT-nettverk som samarbeider tett og som koordinerer aktivitet gjennom den nasjonale stiftelsen CONNECT Norge. CONNECT-nettverka i Noreg deltek aktivt i samspel med andre internasjonale CONNECT-nettverk. CONNECT er òg tilstades i 38 land og har eit tett samarbeid med andre tilsvarande organisasjonar i heile verda.

CONNECT sine medlemmer kjem frå alle bransjer i næringslivet, offentleg og privat sektor. Det er no over 700 medlemsbedrifter i CONNECT Norge, og dei fleste er verksemdar, men òg privatpersonar kan verte medlemmer. Organisasjonen har òg nasjonale samarbeidspartnarar som Telenor, Innovasjon Norge, Statoil, Schipsted Media Group, Bryn Aarflot og Det norske Veritas.

Detaljert skildring av CONNECT Vest sine verktøy:

Her kjem ei meir detaljert skildring av organisasjonen sine faktiske verktøy, etter bestilling frå fylkesutvalet i sak 92/2014.

CONNECT Springbrett®.

CONNECT (Pre-)Springbrett® er kjerneaktiviteten til både den regionale, nasjonale og internasjonale CONNECT organisasjonen. Dette er ein prosess er tilpassa det enkelte selskap og tilbys selskaper som står ovenfor viktige strategiske val.

CONNECT Springbrett består av flere aktivitetar, men sjølve CONNECT Springbrett er eit møte der eit gründerarselskap får tilbakemeldingar fra eit tverrfaglig panel. Panelet består av 6-12 personer som er tilpassa verksemda sitt behov, næringslivskompetanse; bransjekompetanse, internasjonal kompetanse, seriegründerar IPR mm.

CONNECT (Pre-)Springbrett® gir ein mulighet for verksemdene til å bryne seg på den kompetanse og forståing som til einkvar tid er ute i den «reelle» marknaden. Samtidig gir denne måten å arbeide på større objektivitet i tilbakemeldingene til verksemdene. Det er òg eit viktig prinsipp for all CONNECT-virksomhet at selskapene sjølv skal fatte sine avgjersler - prosessane skal gje verksemda best mulig beslutningsgrunnlag.

På et CONNECT (Pre-) Springbrett® hjelpes vekstselskapa med å utvikle sin forretningsstrategi, forbedre forretningsplanen og førebu selskapet til møtet med investorer og strategiske samarbeidspartnarar.

CONNECT sine prosesser kan òg nyttas i ulike faser at ein verksem si utvikling og er ikkje nødvendigvis knytt til eit spesielt utviklingstrinn, men tar høgde for at kvar enkelt bedrift vil ha behov for tilførsel av kompetanse til ulike tider.

Meir om sjølve CONNECT Springbrett®-prosessen:

CONNECT Springbrett prosessen består av ulike deler, og kor lang tid ein prosess tar, er avhengi av bl.a. tidligfaseselskapet sin modenhet.

Dei viktigaste elementa og aktivitetane knytt til arbeidet med det enkelte selskap

- ✓ Kvalifiseringsmøte (Møte med gründer for å kartlegge om selskapet er modent og vil ha nytte av CONNECT Springbrett® prosessen).
- ✓ Kartlegging av behov hjå selskapet
- ✓ Gjennomgang av Business Plan og «dry run» dvs. gjennomgang av presentasjon til gründerelskapet
- ✓ Utsendelse av invitasjon til CONNECT Springbrett og sammensetning av panel (Utsendelse gir medlemmene ein mulighet til å melde seg på, søker deretter etter relevant kompetanse i bransjen og nettverket, og plukker ut dei aktuelle/søker de aktuelle). Gründerelskapet har alltid det avgjørende ordet om kven som skal delta)
- ✓ Springbrettgjennomføring
- ✓ Evalueringsmøte og utsendelse av CONNECT Springbrett undersøkelse
- ✓ Oppfølging, evaluering-møte med verksemda

Arrangementer

CONNECT gjennomfører 4-6 arrangement kvart år der hovudføremålet er å la gründerane få presentert seg for potensielle partnarar/investorar/bransje for å etablere eit vidare samarbeid.

2 x CONNECT Investor arrangement:

CONNECT Vest har i mange år arrangert to investorfora pr.år. CONNECT Investorforum er et arrangement der tidligfase selskaper får presentert seg for ca. +/- 60 deltakere bestående av tidlegfase investorar, mulige partnarar, mm.

CONNECT Vest Investorforum har som formål å være ein arena der vekst-selskap/gründerne frå Vestlandet som har behov for risikokapital presenterer seg for investorer, partnere mm.

CONNECT Norge Olje og Gass Partner Forum:

Arrangement som CONNECT Vest gjennomfører på vegne av alle CONNECT-nettverka i Noreg. Arrangementet skal kople unge teknologibaserte selskap med etablerte aktører innan bransjen for deretter å kunne forbedre dei kommersielle muligheter i det enkelte selskap. Generelt er det ca. 60-100 personer frå bransjen tilstade på arrangementet og ca. 6-10 vekstselskap som presenterer seg.

CONNECT energieffektivisering/Cleantech Partnerforum:

Arrangementet sitt formål er å kople unge teknologibaserte selskap innan miljøteknologi frå heile Skandinavia med etablerte aktørar innan bransjen, dette for å kunne forbedre dei kommersielle mulighetene i det enkelte selskap.

Hovudtemaet i arrangementet spisses etter behovet i marknaden.

Dei siste åra har tema vore knytt til energieffektivisering der fleire spanande tidlegfase selskap har blitt presentert.

Målsetnaden med foruma er tre-delt:

1. Tidlegfase selskap skal få ein «arena» der det er mogeleg å gjennomføre ein partner/investor -presentasjon for eit større publikum. Vekstselskapa skal få ei større forståing av ein investorprosess og elementa som ein investor ynskjer informasjon om.
2. Vekstselskapene skal få ein mulighet til å presentere for investorar og eventuelt etablere relasjonar med investorar og partnarar.
3. Tidlegfase- og potensielle investorar skal få presentert gode selskap/løysingar som er interessante investeringsobjekt.

Selskapa som presenterer skal om hovudregel ha gjennomgått CONNECT Springbrett® prosessen først som ei kvalitetssikring.

Hovudaktivitetane i eit arrangement:

Proessen består i hovudsak av følgjande hovudelement

1. Søknads- og utvelgings prosess av gründerselskapene
2. Klargjering av 5-10 selskap som får presentere seg på kvart forum. Blant anna ved CONNECT Partner Pitch; spesifikk trening i å presentere konsept og selskap overfor potensielle investorer, partnere, kunder etc. Selskapet skal ha utvikla ein tydeleg salgs/investor-pitch.
3. Rekruttering av samarbeidspartnarar
4. Rekruttering av 60-100 deltagere; investorer, potensielle partnere, bransje
5. Gjennomføring av sjølve arrangementet

Kriterier for presenterende selskap

- Veldefinert forretningsplan som sannsynleggjer mulighet for kommersiell suksess
- I hovudsak avklart teknologi/teneste
- Partnerar og/eller kunde er etablert eller søkjers
- Søker primært partnerar for å gjennomføre marknadsatsning/kommersialisering /teknologiutprøving i større skala

Andre arrangementer

CONNECT sitt nasjonale og internasjonale nettverk gjev muligheter for gründarar frå Vestlandet til å vise seg fram på ulike nasjonale og internasjonale arrangementer. Under følgjer nokon av CONNECT sine arrangement nasjonalt og internasjonalt.

- ✓ IKT forum Midt Norge
- ✓ Aktiviteter rundt Maritime forum Oslofjorden
- ✓ Nor Shipping (Nor Shipping Venture»)
- ✓ Telenor Forum (selskap som matcher deira aktivitet)
- ✓ CONNECT2Capital i Gøteborg, m. fl internasjonale forum
- ✓ Arrangementer i samarbeid med Global CONNECT
- ✓ Direkte koblinger på tvers av region og land

Mentorkobling

CONNECT gjennomfører kontinuerleg på oppdrag frå Innovasjon Norge rekruttering av mentorar frå næringslivet til tidligfase selskap. CONNECT nyttar sitt næringslivsnettverk til å kople på kommersiell kompetanse til gründerselskap. CONNECT jobbar for å spisse riktig kompetanse til gründer gjennom å søkje i heile sitt nettverk av til dømes leiarar og forretningsutviklarar for å finne den riktige kompetansen til selskapa.

CONNECT er òg i ein prøvefase for liknande mentorkobling produkt for Forkningsrådet.

Hovudelementa i ein mentorprosess er:

- ✓ Kartleggingsmøte med gründer for å kartlegge om selskapet sine behov, modenheit osv.
- ✓ Søkje etter riktig potensielle mentorar
- ✓ Møte med potensielle mentor/ar
- ✓ Presentere 2-3 mulige kandidatar (diskusjon)
- ✓ Møte mellom potensiell mentor og gründer
- ✓ Avtale underskrift - oppfølging,

Direkte koblinger og styrerepresentantar

CONNECT Vest har heile tida fokus på at gründarane skal få ein verdiauke av nettverket (øke muligheten for suksess), og arbeidar difor kontinuerleg med å koble saman ulike aktørar uavhengig av modenheit, region og bransje. Resultata er blant anna; styre representantar, matching av gründerar, kobling av spesialkompetanse osv.

Internasjonalt samarbeid - samt ytterlegare å systematisere tilgangen på risikokapital

CONNECT søkjer heile tida om å øke tilgangen til risikokapital til vekstselskap.

I denne samanheng jobbar CONNECT for å finne gode arenaer for personer som kan eller ynskjer å investere i tidligfase selskap.

CONNECT i Norge har fått finansiert prosjektet om å skape en internasjonal marknadsplass både fysisk og virtuelt for tidlegfase selskap og tidlegfase kapital. Prosjektet er delfinansiert av NIC; <http://nordicinnovation.org/en-GB/news/presenting-the-funded-projects-through-the-nordic-high-growth-entrepreneurship-initiative/>

Marknadsplassen vil ivareta både den lokale, regionale, nasjonale og internasjonale marknadsplassen. Prosjektet er eit samarbeid mellom CONNECT Danmark, Sverige, Norge og Fiban (Finland) CV er prosjektdeltakar og vil søkje fleire investorar og gründarar som ynskjer å delta på denne arenaen.

Arbeidet krev fokus, rekruttering, møter og undersøkingar av både investorarar og gründere.

Prosesser for internasjonalt samarbeid

- ✓ Gjennomføring av internasjonale CONNECT Springbrett (gründerselskap kan gjennom vårt nettverk gjennomføre internasjonal CONNECT Springbrettselskapet, men har gjennomført SB i Norge først)
- ✓ Delta på felles arrangement som CONNECT2CAPITAL og GLOBAL CONNECT Summit
- ✓ Nyttå seg av andre CONNECT kollegaer for å ta i spisskompetanse, til dømes internasjonale mentorar

Verksemder CONNECT Vest har hjulpet 2012-2013

Nederst i saka er vedlagt ein oversikt over dei verksemdene som CONNECT Vest har hjulpet dei siste to åra, samt CONNECT si eiga vurdering av verdien av denne. Denne oversikten frå CONNECT er ikkje innarbeidd i saka, men lagt med som eit vedlegg då det vart vurdert å vere for omfattande til å skrive inn i sjølve saka.

Vurdering

Årsaka til at Connect Vest har fått støtte frå fylkeskommunen i fleire år, er at fylkesrådmannen meiner dei fyller eit tomrom i entreprenørskapskjeda.

Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017 har som overordna grep og hovudstrategiar blant anna at det må byggjast fleire «bruer» i Hordaland. Dette gjer CV med si kopling mellom det etablerte og det nyetablerte næringslivet, til det beste for begge partar. Næringsplanen har vidare som tre hovudstrategiar «meir entreprenørskap og innovasjon», «fleire gode grundere» og «fleire vekstkräftige verksemder». Noko av hovudpoenget her er å kople verksemder med vekstkapital, nettverk, samarbeidspartnarar og internasjonale marknader. CV sitt hovudfokus er den koplinga som vert gjort mellom sine medlemsbedrifter, investorar, Business Angels nettverket, kompetanse og spesialistar i ulike bransjar, generalistar innan marknadstilgong og kommunikasjon, potensielle kunder og samarbeidspartnarar, samt internasjonale nettverk og samarbeidspartnarar.

I næringsplanen står det òg at i tillegg til entreprenørskap og innovasjon i nystarta verksemder er det viktig å legge til rette for kontinuerlege innovasjonsprosessar i etablerte verksemder, for å styrke og trygge verdiskaping og arbeidsplassar. Her meiner fylkesrådmannen at CV spelar ei rolle i å auke kontakten for det etablerte næringliv til meir nyskapande grundere, spesielt kan hende ute i regionane er dette viktig. CV legg òg opp til eit auka fokus på distrikta i tida framover. CV ynskjer òg å gjennomføre mentorsamlingar i distrikta.

Næringsplanen seier vidare at det må rettast særskild merksemd på næringar som allereie har gode føresetnader for vekst og utvikling, samstundes som ein prøver å finne nye næringsmiljø med vekstpotensiale. For å få meir entreprenørskap og innovasjon skal vi særleg stimulere til innovasjon i etablerte verksemder, mellom anna gjennom klyngeutvikling og utvikling av nye innovative næringsmiljø med vekstpotensiale. CV jobbar aktivt opp mot dei inkubatorane, næringshagane og klyngene me har i Hordaland. CV er godt kjend i desse miljøa, har faste treffpunkt, og vert aktivt nytta i koplinga til kapital og kompetanse.

Vidare står det at Hordaland skal bli det leiande fylke i Noreg på samarbeid om næringsutvikling. Dette er CV med å bidra til, ved dei koplingane dei gjer mellom ulike bedrifter, kapital, verkemiddelapparatet etc.

I Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland for 2014 (HNN) står det at HFK skal i si prioritering leggje vekt på verkemiddel som har til føremål å utvikle arbeidsplassar og bidra til verdiskaping i fylket. Samt ha fokus på godt samarbeid som fremjar kreativitet og framtidretta tiltak og prosjekt. Fylkesrådmannen meiner at CV er ein svært operativ og aktiv bidragsytar til å realisere desse punkta gjennom dei koplingane dei gjer både regionalt, nasjonalt og internasjonalt for Hordalandsverksemdar.

Handlingsprogrammet set fokus på tilretteleggjande tiltak som å styrke kompetanse og nettverk for alle grunderar for å realisere verdiskapingspotensiale. Både med sine Springbrett og sine ulike konferansar er CV ein aktiv bidragsytar her. Gjennom sitt eige nettverk og samarbeidspartnarar rundt om i verda, bidreg CV til handlingsplanen si prioritering knytt til profilering og internasjonalisering.

Handlingsplanen peikar på å sikre nyskaping og vidareutvikling av kompetansebaserte regionale næringsmiljø gjennom inkubator- og næringshageprogramma, samt å medverke til auka klyngeutvikling gjennom aktiv deltaking i klyngeprogramma ARENA, NCE, GCE og klyngeutvikling i regi av sterke nettverksorganisasjonar. Ein skal leggje tilrette for auka kompetanseoverføring og samhandling mellom dei sterke næringsklyngene i fylket. Det vil vere eit særskilt fokus på opne innovasjonsprosessar.

CV seier at dei koplar ulike personar og kompetanse til klyngene, og det bidreg til at den enkelte klynge får utvida sin «base» og nettverk, noko som forsterkar klynga si vidare utvikling og vekst. CV bidreg òg gjennom sine aktivitetar å utfordre klynga til å tenkje på tvers og på denne måten til å skape fleire og betre innovative miljø.

Konklusjon

CONNECT Vest har til no vore ein viktig samarbeidspartnar for fylkeskommunen og for andre regionale utviklingaktørar i arbeidet med vekstentreprenørar. Aktiviteten deira er godt forankra i regional næringsplan og i handlingsprogrammet. Dersom Connect Vest må innstille eller redusere sin aktivitet på grunn av manglande fylkeskommunal støtte vil dette slå negativt ut i dette arbeidet.

Fylkesrådmannen la i saka 54/14, FUV 20.02.2014 «Gjennomgang og vidareføring av samarbeidsavtalar med regionale næringsretta utviklingsaktørar» opp til av ei ramme på inntil kr 800 000 til mogleg årleg støtte til Connect Vest. FUV vedtok å endre dette til kr 540.000.

Fylkesrådmannen legg opp til at dette er eit samarbeid som skal gå over heile planperioden til Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017. Det vil seie 4 år i staden for det som kan hende er vanleg - 3 år.

Fylkesrådmannen vil vidare utarbeide ein partnerskapsavtale med CONNECT Vest-Norge for den aktuelle tidsperioden. Denne type avtale vil vere meir eller mindre likelydande for dei andre organisasjonane og samarbeidspartnarane som HFK inngår avtale med, og det vil i kvar avtale verte tatt høgde for at tildelinga er avhengig av nasjonale overføringsar.

Oversikt over hvilke bedrifter Connect Vest har hjulpet de to siste årene, og en vurdering av verdien knytt til Connect Vest sitt bidrag

I 2012 deltok følgende selskap har gjennomført CONNECT Springbrett® eller Pre-Springbrett

Nr	Vekst-selskap	Aktivitet	Fylke	Vertskap	Beskrivelse
183	Windmaster	CONNECT Springbrett®	Rog	ArenaNow	Shall be a service provider of highly localized and reliable wind and turbulence data, for wind power production control and for resource assessment.
184	Floke Grønn Frisør	CONNECT Pre-Springbrett®	Hord	Adv.firmaet Thommessen AS	Nytt konseptet/produkter frisør innen frisør. Allergivennlige behandlingsprodukter, samt miljøtankegang i alle ledd.
185	ECO-FRIEND	CONNECT Springbrett®	Hord	Inventas Bergen	Manuelle avfallspresser, et nytt konsept innenfor avfallskomprimering. Hovedformålet er effektivisering av avfallstransportørenes logistikk.
186	Vendi Consulting AS	CONNECT Springbrett®	Hord	Sparebanken Vest	Unikt styringsverktøyet - sjekke status på et selskap og se hva selskapet trenger for å optimalisere verdiskapning og redusere risiko.
187	Kaliber Industridesign	CONNECT Springbrett®	Hord	Advokatfirmaet Thommessen AS	Ny og effektiv løsning for oppsamling av oljesøl for internasjonalt salg i to hovedsegmenter – oljevernberedskap og industriell rensing av oljesøl.
188	Bergen Risk Solutions	CONNECT Åpent Springbrett®	Hord	Innovasjonskonferansen GROW	Analyse, rådgivning og operasjonell støtte som setter selskaper bedre i stand til å forstå og håndtere usikkerhet i høyrisiko-områder.
189	Norvative	CONNECT Pre-Springbrett®	Hord	SpareBank 1 SR-Bank	Trygghetsløsning for eldre og omsorgstrengende som sikrer hjelp i nødstilfeller. Produktet er en mobil alarm som måler personens tilstand.
190	Unibox	CONNECT Springbrett®	Hord	BKK	Driftsystem for bruk sammen med smarthus teknologi, og har utviklet et frittstående online driftsystem.
191	Sea Urchin Farm	CONNECT Springbrett®	Rog	Grieg Seafood	Oppdrett av kråkeboller, og skal levere levende kråkeboller til gourmet restauranter og spesielle distributører.
192	Fishteq	CONNECT Pre-Springbrett®	Hord	DNB	Patentsøkte fiskesluk-løsninger som gir fiskere en kjappere og enklere metode for å feste/ løsne ny type svivel samt endre fiskesluk type.
193	Power Sim	CONNECT Springbrett®	Hord	PwC Bergen	Simuleringsverktøy for fortrinnsvis større næringsenheter. Nytt konsept innenfor "business intelligence" og simulering.
194	GOE IP	CONNECT Pre-Springbrett®	Rog	KPMG AS	Biologisk Adaptiv Plugg (Biological Adaptive Plug - BAG) for økt oljeutvinning i økonomisk tomme reservoarer.
195	SVA Fashion Mag.	CONNECT Springbrett®	Hord	Design Region Bergen	Formidler Skandinavisk design/ foto/kunst gjennom et magasin som kommer ut i 23 land, og via Appstore.

196	Lege.no	CONNECT Springbrett®	S&Fj	Alf Gundersen	Kunden får mulighet til å chatte med lege direkte event. sende inn sp. som besvares i løpet av en virkedag.
197	Selvaag + Smith	CONNECT Springbrett®	Rog	Kverneland Bil	Nytt konsept innenfor sanitærbransjen.
198	Serversky	CONNECT Pre-Springbrett®	Hord	Itslearning	Produktsom skal tilby bedrifter å kunne bruke sine Windows programmer uansett hvilken plattform man benytter.
199	Marinovate	CONNECT Springbrett®	Rog	Kverneland Group Operation	Ny metode for å beskytte båter mens de ligger på sjøen. «Pose» som beskytter båten og som blir holdt oppe ved overtrykk på kun 2 mb.
200	Medic	CONNECT Springbrett®	Rog	Cegal AS	Konsept innen helsetjenester som er tilgjengelige 24 t. I dag er det hver for seg, dette selskapet setter dem inn i et overordnet system.
201	Sport is Fun	CONNECT Pre-Springbrett®	S&Fj	Adecco	Selskapet har utviklet en sosial nettverks-side for sports- og idrettsutøvere på alle nivå.
202	Realtime	CONNECT Springbrett®	Hord	Artecia Cap	Nye elektroniske og strøm-sparende systemløsninger, som vil gi «detaljhandelen» mulighet til; kostnadskutt, bedret produktinfo, økt kundeservice
203	Pido (#203)	CONNECT Springbrett®	Hord	RAFF Fagdag (åpent SB)	Smart og enkel bestillingstjeneste for barer og restauranter. Ved bruk av egen smarttelefon kan gjestene lese menyen, sende bestillinger og be om regning.
205	BRIK	CONNECT Springbrett®	Hord	Mobiltech	Gjør det mulig å effektivt formidle video måte for mobil, tablet og desktop. På en enkel måte kan det legges til komplekse metadata
207	Genergi	CONNECT Springbrett®	Rog	Kluge Advokatfirma	Utviklet drivstoffbesparende teknologi for bruk i skip. Hydraulisk Drevet Generator (HDG). HDG produserer kraftbehovet, og genererer drivstoffbesparelser
208	Drone-service	CONNECT Pre-Springbrett®	S&Fj	BKK	Inspeksjoner av høgspenningslinjer ved bruk av fjernstyrt teknologi til å oppnå høyere kvalitet på befaringer med lavere risiko for personell
209	BSSI	CONNECT Springbrett®	Hord	Advokatfirmaet Harris DA	Selskapet vil innrette sin virksomhet mot et «nytt bein», offshore/subsea-industrien, hvor korrosjon er en av de viktigste årsakene til at offshore infrastruktur kan forringes/nedbrytes.
211	Back to start	CONNECT Springbrett®	S&Fj	Sparebanken Vest	Spesialister på kurs/utdanning innen basistrening og funksjonell trening. Selskapet har utviklet og leverer et treningskonsept innen basistrening med medisinball med håndtak

CONNECT Investorforum 12. mars 2012

Presenterende selskap på CONNECT arrangement i mars var:

- ✓ Vendi Consulting
- ✓ Fludo, EcoFriend
- ✓ Aquiloz, Holberg
- ✓ EEG
- ✓ Health Tech.

Som hovedforedragsholder på arrangementet hentet inn investor og gründer Morten Sundstø, som på en spennende måte viste oss hvordan han jobber med å bringe ideer til markedet. Sundstø deltok senere på dagen også i en presentasjon for Business Angel nettverket.

CONNECT Investorforum 11. oktober 2012

Presenterende selskap i oktober var:

- ✓ Genergi
- ✓ Selvaag+Smith
- ✓ *Fruktbar (ble forhindret kort tid før)*
- ✓ RefSports
- ✓ Realtime
- ✓ BRIK

I oktober og det var spennende innlegg fra Henrik Lie-Nielsen (Knowit Reaktor) og Torbjørn Haaland (Visma). Henrik gav innblikk i sin gründerreise samtidig som han pekte på hvordan Bergen/Vestlandet kan skape flere gründer-suksesser, mens Torbjørn pekte på viktigheten av godt styrearbeid i etableringsfasen. Presenterende selskap i oktober var

CONNECT Norge Olje og Gass partnerforum 2012

Presentasjoner fra 10 selskaper innen sektoren

- ✓ Apiteq
- ✓ Goe Ip
- ✓ Keystone
- ✓ Luminell
- ✓ Themis Create
- ✓ Epsis
- ✓ Multicontrol
- ✓ NorDrill
- ✓ Quality Intervention
- ✓ Xafe,

Deltakerne fikk også høre en rekke gode fagrelaterte foredrag fra anerkjente aktører i bransjen. **Bjørn Kåre Viken i Statoil** fortalte om betydningen av teknologiutvikling innen subseaområdet, **Stig Trygve Andersen fra Bergen Group Hanøytangen** presenterte selskapets satsning partner- og leverandørstrategier, mens **John Egil Johannessen i Statoil Technology Invest** gav tilhørerne innblikk i Loop, Statoils åpne innovasjonsportal, og teknologi områder som Statoil fokuserer på. **Jørgen Lorents Idevekst Energi** ga innspill om hvordan SMB teknologi- og serviceselskaper i olje og gassbransjen kan verdivurderes, mens **Emil Løvgren i Nofas** pekte på hva tidligfase-selskaper bør tenke på når de skal inngå partnerskap med større internasjonale selskaper

CONNECT energieffektivisering Partnerforum 2012

Presentasjoner fra 10 selskaper

- ✓ Orion Systems
- ✓ Smart Grid Norway
- ✓ Enfo Energy
- ✓ ViVa Labs
- ✓ Deep River
- ✓ EnPro
- ✓ Carbontech
- ✓ Genergi.

Forumet inneholdt gode faglige innlegg fra Keynote speaker John G. Bernander (Viking Heat Engines); Tore Mong (BKK); Svein-Olav Torø (Kongsberg Innovasjon); Roar Grønhaug (Enova) og DnB som viste sin miljø-satsning i nybygget i Solheimsviken.

I 2013 gjennomførte følgende CONNECT Springbrett® eller Pre-Springbrett i 2013:

Nr	Vekst-selskap	Aktivitet	Fylke	Vertskap	Beskrivelse
213	<u>Tiljamiid</u>	CONNECT Springbrett®	Hord	Design Region Bergen	Design av bambusklær som vokser med barnet. Distribuerer i over 20 utsalgssteder.
214	<u>InRange</u>	CONNECT Pre-Springbrett®	Hord	Colours	Et konsept som vil være et uunnværlig hjelpemiddel i nødsituasjoner i skip.
215	UniversEL	CONNECT Springbrett®	Rog	IPARK	Selskapet er spesialist på løsninger som forenkler arbeid på himlingsmontert elektrisk utstyr.
216	Futhark Guitars	CONNECT Pre-Springbrett®	Hord	Ace Capital	Nytt, norskutviklet gitarmærke, som satser på masseproduksjon av kvalitetsgitarer for black metal sjangeren.
217	MyZine	CONNECT Pre-Springbrett®	Hord	Alf Gundersen	Nytt konsept innen social shopping med vekt på produkter innen fashion, beauty og interiør.
218	<u>Husdyrparken</u>	CONNECT Springbrett®	Hord	Akvariet i Bergen	Husdyrparken vil videreutvikle Bordalen som reiselivsprodukt. Målet er å skape en opplevelsespark for hele familien.
219	<u>Flytende Bolig</u>	CONNECT Springbrett®	Hord	KLUGE	Selskapet ønsker å tilby fritidsbolig på vannet. Enhetene er CE - godkjent og C-klassifisert som båt.
220	<u>Nordic Horse Care</u>	CONNECT Pre-Springbrett®	Hord	Argentum	Gründer har gjennom 30 års erfaring med hester utviklet et naturprodukt som bedrer hudproblemer hos hester.
Åpent	<u>Roughneck</u>	Åpent CONNECT Pre-Springbrett®	Hord	Raff, Terminus	Design av klær og andre bedriftsgaver. Utvikler nytt til Olje og gass næringen
222	<u>MyRent</u>	CONNECT Pre-Springbrett®	Hord	Xperis	Et web-basert system til bruk for personer og selskaper som driver med utleie av eiendom, enten det er bolig eller næring.
223	<u>Besseggen</u>	CONNECT Springbrett®	Rog	Jæren produktutvikling	En ny stol som bedrer ryggelsen. I tillegg til helseeffekten er stolen bærer av norsk design, miljøbevissthet og kvalitet.
224	DelfiCert	CONNECT Springbrett®	Hord	Frank Mohn Flatøy	Egenutviklet, spesialisert datasystem for automatisering av arbeidskrevende dokumentasjonsrutiner i metall- og plastindustrien.
225	Fjellanger Dog-training Academy	CONNECT Springbrett®	Hord	Sarsia	hovedmålet er å utvikle en pålitelig og kostnadseffektiv metode for å overvåke/avdekke korrosjon under isolasjon ved hjelp av hunder.
226	Pixavi	CONNECT Springbrett®	Rog		Pixavi offers enterprise grade communication tools for hazardous areas. Customers include the largest multinationals within oil and gas, energy, chemical and manufacturing industry.

227	Årsmøte samarbeid, fire parallelle	CONNECT ÅPENT Springbrett®	Hord	DNB	Galleri Parken, Robotbutikken, A-form og Milan Persson hadde mentor på forhånd og hvert sitt panel på årsmøtet til CONNECT V
228	nLink	CONNECT Springbrett®	S&F	Bridgehead Vest	Selskapet utvikler og selger robotbaserte verktøy til håndtverksindustrien. Første produkt er et robotbasert verktøy for boring i betongtak.
229	Pleno	CONNECT Springbrett®	Hord	Knowit	Gründerne av konseptet familieplanleggeren har tidligere utviklet vellykkede produkter, men har nå fokus på familie-planleggeren som har ca. 7000 nedlastinger og 1000-1500 brukere.
230	Havkraft	CONNECT Pre-Springbrett®	S&F	Goodtech	Konvertering av bølgeenergi. Eksempler på bruk av teknologien er bølgekraftverk (energi-produksjon) eller flytende moloer (beskyttelse).
228	nLink	CONNECT Springbrett®	S&F	Bridgehead Vest	Selskapet utvikler og selger robotbaserte verktøy til håndtverksindustrien. Første produkt er et robotbasert verktøy for boring i betongtak.
231	Motivati	CONNECT Springbrett®	Hord	AngelCo (Webhuset AS)	Selskapet har kjøpt rettighetene og kildekodene til et nettbasert lederverktøy for oppfølging og utvikling av medarbeidere.
232	Signere.no	CONNECT Springbrett®	Hord	DNB	Signere .no har siden 2008 tilrettelagt for at programvarebrukernes kunder kan signere avtaler ved å bruke sin personlige BankID brikke som sin signatur.
233	PAM	3 CONNECT Springbrett®	Oslo, STO, CHP	Oslo Stockholm København	Selskapet har utviklet en metodikk som gjør det mulig for utvalgte selvstendige motebutikker å markedsføre seg på en enkel, effektiv og billig måte.
234	Multi Solutions	CONNECT Springbrett®	Hord	Maritimt Forum	Rensevæske spesielt egnet til åpning av blokkerte/innsnevrede rør i de fleste væske-førende systemer, f.eks. kjølesystemer, varmevekslere, vacuumanlegg, kjølerør, sjøvannsledninger.
235	Bach Technology	CONNECT Springbrett®	Hord	Advokatfirmaet Thommessen	A global service provider of audio data solutions. The proximity of the development team to world-class audio research centers, allowed the company to develop a highly competitive technology platform.
236	Massiv Lust	CONNECT Springbrett®	S&F	Moelven Nordia	Med ny fabrikk og ny metode for limpåføring og kvalitetssikring av massivtre skal selskapet bidra til lønnsomhet for aktørene i bygnæringen. I tillegg til å produsere massivtreplater og formattere disse til byggelementer, driver selskapet med prosjektering og montering.

237	Highsoft	CONNECT Springbrett®	S&F	VIZrt	Selskapet har utviklet produkter for interaktive diagrammer internett basert på JavaScript- og SVG-teknologiene. Programvaren er bygd på standardiserte teknologier, hvor spesialtilpasninger er mulig.
238	Typhonix	CONNECT Springbrett®	Rog	Energy Ventures	selskapet er spesialist på utvikling av nye tekniske løsninger innenfor «flow control» systemer for oljeindustrien.

CONNECT Investorforum 14. mars

På arrangementet presenterte selskapene

- ✓ INOSA AS
- ✓ Turbo Tape Games
- ✓ CUPP Computing AS
- ✓ Holberg EEG
- ✓ Beat.no
- ✓ CornerTape

Som hovedforedragsholder var hentet inn investor Carl Fredrik Joys som på en spennende måte viste oss hvordan han jobber. I tillegg hadde vi Egil Skipenes som er gründer og medinvestor i flere selskaper og Sindre H. Kvalheim, Adm. dir., LocalHost AS som snakket om suksess gjennom naturgitte forutsetninger, privat kapital og innovasjon

CONNECT Investorforum 11. oktober

- ✓ Ticket Co
- ✓ PAM
- ✓ MyZine
- ✓ Typhonix
- ✓ Aquafarm Equipment

Som hovedforedragsholder var gründer John Kjellevold fra Mosart, **Tor-Lars Onarheim, Advokatfirmaet Harris**, som snakket om, "Cloud Computing og dets juridiske implikasjoner" og medgründer av 7 fjell bryggerier fortalte hvordan de jobbet for å bygge en merkevare.

CONNECT Norge Olje og Gass partnerforum 2013

Presenterende selskap

- ✓ Bergen Software Services International
- ✓ ClickLift
- ✓ Fjellanger Dog Training Academy
- ✓ Inflow Control
- ✓ Industrivisualisering
- ✓ MOSE Innovation og Wisub
- ✓ Olvondo Industries
- ✓ Pinovo,

Foredrag fra anerkjente aktører i bransjen. **Nichlas Marheim** i **Statoil** innledet, og fortalte om de store utfordringer og muligheter innen det store området «vedlikehold og modifisering», knyttet til plattformers lengre levetid og produksjon. **Jan Frederik Namtvedt** fra **FMC Technologies** foredro om «Vedlikehold og oppgradering av subsea ventiltrær – utfordringer, behov og leverandørsamarbeid i et raskt voksende marked». Deretter presenterte **Sigurd Coates** fra **Karsten Moholt**, temaet «Kostoptimalt vedlikehold av roterende elektrisk maskineri», før **Carsten Andersen** i **Oceaneering** foredro om «Solving challenges from sea to space». Avslutningsvis pekte **Asle Lygre** fra **Idevekst Energi** i sitt foredrag på «Økt effektivitet, samarbeid og verdiskaping – muligheter i et effektivt oljeservicemarked».

CONNECT energieffektivisering Partnerforum 2013

Presenterende vekstselskap

- ✓ Hordaland Bioenergi
- ✓ Massiv Lust
- ✓ Orion Systems
- ✓ Knycer (Sverige)
- ✓ LandTech Solar

Forumet inneholdt gode faglige innlegg fra Keynote speaker og seriegründer Bill Schjelderup (Bergen Energi); Gunnar Hernborg (BKK); Jorunn Nerheim (Entra Eiendom); Ole Aksel Sivertsen (Enova); Helge Davidsen (Multiconsult) om DNB-bygget i Solheimsviken (GC Rieber Eiendom) og Per Egil Steen/Stian Garmann Oestreich om det nye Sparebanken Vest nybygget i Jonsvollskvartalet.

Verdi og resultater

Kostnadsfrie unike råd og veilednings timer fra næringslivet

I løpet av et år er det mange «kostnadsfrie» timer og unik verdi som blir overført til vekstselskap gjennom CONNECT Vest-Norge sine tjenester. Nettverk, råd –og veiledningen kan føre til mange ulike resultater.

CONNECT har alltid fokus på at selskapene skal lykkes og vi jobber derfor hele tiden med å koble på erfaringsbaserte dyktige unike personer fra næringslivet til vekstselskapet/gründer. Timene er derfor ikke tilgjengelig på det «åpne» markedet.

I løpet av et år kan CONNECT Vest-Norge i snitt si at følgende oppnås:

- ✓ 240 personer fra næringslivet **har gitt +/- 2000 erfarings** basert kompetansetimer gjennom 30 unike tilpasset Connect Springbrett® og Pre-Springbrett. I tillegg kommer møter i etterkant i etterkant av Connect Springbrett møtene
- ✓ På CONNECT arrangementene har ca. 20-30 gründere og vekstselskap fått presentert seg for relevante personer fra næringslivet (300-400 personer investorer, potensielle partnere og bransje personer mm)
- ✓ Ca. 35 gründere og vekstselskaper har mottatt Innovasjon Norge sin mentortjeneste pr. år, CONNECT Vest har koblet på ca 35 ulike erfarne personer fra CONNECT sitt nettverk, som blant annet har fokus på erfaringsbasert og spisset forretningsutvikling og kommersielle kompetanse.
- ✓ Undersøkelser viser at 50-70 % av deltagerne i nettverket har møter i etterkant av et CONNECT Springbrett® (i tillegg kommer alle andre møter som ikke er registret).

Tilførsel av kompetanse og kapital

CONNECT Vest sine prosesser har bidratt med konkrete resultater til vekst og gründerselskaper.

Under følger noen få eksempler fra senere tid:

- ✓ Gjennom CONNECT Springbrett® prosessen endres de strategiske valg
 - Selskapet Optimering valgte og stoppe med å utvikle et produkt, de endret totalt strategi – dette på bakgrunn av tilbakemelding fra springbrett panelet
- ✓ Tilførsel av spennende styrerepresentanter

- TicketCO har gjennom vårt nettverk fått Jacob Lund inn både på eier og styrerepresentant
 - ✓ Partnerskap
 - Etter CONNECT Springbrett® og investorforum får selskapet Brik inn kompetent samarbeidspartner gjennom *Helge Hannisdal (en av gründerne i its learning) som selskapet nå jobber tett med.*
 - Mentor Jon Stangevol fortsett samarbeidet med Caeli etter utgåtte mentor timer
 - ✓ Tilførsel av risikovillig kapital
 - Bidrat til tidligfase kapital til selskapet Beat
 - ChareCat fikk vist seg fram på Olje og Gass fikk to år senere inn Venture kapital.
 - Grovt estimert har CONNECT Vest-Norge bidratt med 370 MNK i egenkapital til tidligfase selskaper.
 - ✓ Mentorkobling
 - Mentor Kjell Hilde har godt inn som styreleder i PlastInvent
 - Idar Kreutzer mentor for selskapet EOE koordinering
 - ✓ Internasjonalt nettverk og informasjon
 - Selskapet PAM har fått testet ut sitt konsept i Stockholm, København og Oslo. Selskapet Netsave fikk et meget relevant Springbrett møte i Oslo
- Se www.connectnorg.org for flere eksempler

Verdi på råd og samarbeid

CONNECT Vest-Norge har dessverre ikke eksakt oversikt over summer og verdi som CONNECT har bidratt med. Dette er vanskelig, blant annet fordi relasjoner skaper over tid og det er vanskelig å sette en verdi på erfaringsbaserte råd og veiledning.

Springbrettundersøkelse og andre undersøkelser for gründerbedrifter

Undersøkelser fra viser følgende*;

- ✓ 75% sier de har fått en forbedret forretningsplan,
- ✓ 52% at de har utviklet en bedre forretningsstrategi
- ✓ 33% at de har fått nye varige kontakter

Andre tidligere undersøkelser viser at

7 av 10 selskaper som har vært gjennom CONNECT Springbrett® og Pre-Springbrett overlever etter fem år.

Dette viser at CONNECT Vest har en effektiv metodikk for å hjelpe gründerne og vekstselskaper til bedre å lykkes.

**CONNECT Vest gjennomførte i begynnelsen av 2011 en gründerundersøkelse blant selskaper som hadde gjennomført Springbrett i de foregående 3 årene, det var 29 selskaper som svarte på undersøkelsen.*

Internasjonalt nettverk – økt risikokapital tilgang

Sammen med CONNECT i Norge (leder), Danmark, Sverige og Fiban (Finland) utvikles det en fysisk og virtuell markeds plass for tidligfaseselskaper og tidligfase investorer/partnere. Dette vil større oversikt og muligheter for tidligfase kapital. Prosjektet er delfinansiert av NIC (www.nordicinnovation.org) Markeds plassen vil ivareta både det lokale, regionale, nasjonale og internasjonale behovet.

Gjennom vårt nasjonale og internasjonale nettverk får gründerne mulighet til å delta på internasjonale arrangementer, her kan nevnes Connect2Capital i Gøteborg (eks her er selskapet (Includu AS)Connect Summit i San Diego (TicketCo og Mobiltech).

Vekstselskaperne får og har fått mulighet til å få tilført erfarings basert kompetanse fra ulike nasjonale og internasjonale nettverk/markeds mm. (eks. fra den siste tiden er selskapet PAM og Netsave)

Næringsnettverket - mentorer til kulturgründere

Gjennom vårt næringslivsnettverk har også 25-30 kulturgründere fått tilgang til unik kompetanse fra næringslivet, dette i tillegg til oppdragene fra IN. 25 unike mentorer jobber for å øke kulturgründersens evne til å skape en levedyktig bedrift.

Frokostmøter med relevante miljøer

Gjennom spennende frokostmøte fikk Schibsted Vekst kontakt med flere spennende gründere fra Hordland. Møtet har ført til flere spennende møter i etterkant. Vi avventer i disse dager resultater blant annet fra Keyteq, Frivind og Pleno

Verdiregnskap

Totalt er det et stort antall kostnadsfrie timer som tilbys oppstartselskapene gjennom CONNECT Vest - Norge nettverket. En grov oversikt viser at verdien av det arbeidet medlemmer og andre samarbeidspartnere tilfører gründere og vekstselskap gjennom et år, kan anslås til 3-5 millioner kroner.

Av CONNECT Vest sitt samlede bidrag til gründere, er ca. 75 % fra næringslivet og 25 % offentlige støtte.

Dette skjer ved at CONNECT-medlemmene gjennom ulike aktiviteter og prosesser bruker sin kompetanse og nettverk vederlagsfritt i forhold til gründere, samt medlemsavgift og samarbeidsavtaler.